

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/15	Formannskapet	PS	05.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	15/652

## Prosjektmandat – Betre mobildekning i Lindås kommune

### Vedlegg:

Prosjektmandat mobildekning

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for prosjektet «Betre mobildekning i Lindås kommune»

.....

### Formannskapet - 016/15

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Formannskapet godkjenner prosjektmandatet for prosjektet «Betre mobildekning i Lindås kommune»

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet

#### Bakgrunn:

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det at Lindås kommune skal arbeida for at alle bustader har tilbod om breiband og tilsvarende teletenester. Dei siste åra er det gjennomført kartlegging av mobildekninga i kommunen, og det er mange «kvite flekkar» i Lindås, altså

områder som har særst dårleg eller ingen dekning. I tillegg er det også mange områder som ikkje har breiband. Lindås søkte om offentlege breibandmidlar i 2014, men blei ikkje prioritert.

**Vurdering:**

God mobil- og breibandsdekning er i dag ein grunnleggjande infrastruktur for dei aller fleste. Skal Lindås vere ein attraktiv bu- og næringskommune, må ein sikre at heile kommunen har slik grunnleggjande infrastruktur. Det er i dag forventat at vi skal løyse dei fleste tenester via internett, til dømes banktenester og andre offentlege tenester. I tillegg blir det lagt opp til at dialogen i arbeidsliv og samfunnet elles skal vere digital. Lindås kommune har ein utfordrande topografi for mobile sendarar, det er derfor store områder som har dårleg mobil- og breibandsdekning. For å betre på dette ønskjer kommunen å etablere eit prosjekt som kan betre tilhøve i områder med manglande dekning. Kommunen kan gjere avtale med teleleverandørar om å bygge ut basestasjonar på utvalte stadar. Viss dette er prosjekt som ikkje har kommersiell lønnsemd, kan kommunen gå inn med eigenfinansiering. Midlar til prosjektet skal hentast frå infrastrukturfondet. Beløpet på kr 2,5 mill er basert på anslag av eigenfinansiering, som viser kr 750.000 per prosjekt (basestasjon). I tillegg kan det kome kostnader knytt til måling av potensiell dekning i prioriterte områder. I første omgang skal prosjektet kartlegge aktuelle områder, prioritere og bidra til å bygge ut aktuelle basestasjonar. Val av leverandør må lysast ut på anbod.

.....